

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F 538	Knut Øyjordet	01.07.21	24/21

**SØKNAD OM BYGGING AV NY VEOLIHYTTE – GLITTERHEIM***Saksdokument:*

E-post frå Statskog av 11.02.21 til fjellstyret med vedlegg.

*Saksutgreiing:*

Vertsskapet i Glitterheim ved Knut Vole har søkt Statskog om å erstatte dagens falleferdige bu i Veolie med ei ny bu. DNT tok kontakt med Statskog allereie i 2017 ang. denne bua, som er festa på DNT (festekontrakt inngått i 1925), men som vertsskapet i Glitterheim eig. Da var det spørsmål om å erstatte bygget med eit nytt bygg som også skulle tene som garasje for dagens kjøretøy som er brukt i vintertransporten til og frå Glitterheim. Tilbakemeldinga frå fjellstyret den gongen var at ein burde sjå på ei meir eigna tomt ved avkjøringa til Veolie frå fylkesvegen, t.d. på utsida av krysset der. Der er det flatt og god grunn, samtidig som ein får «gøynt» eit slikt bygg i furuskogen i motsetning på snaufjellet i Veolie der dagens falleferdige bu står. Da kunne ein samstundes få ordna ein ny parkeringsplass som sikkert vil vera meir «strategisk» i samband med transport av gjestar om vinteren.

Vole sende i vinter ein ny søknad, der han m.a. skriv:

*Vi kunne tenkt oss å bygge opp igjen bygget slik det opprinnelig var på den opprinnelige tomta. Dette for at det er et hus som har vore brukt i driften av Glitterheim og at det er kulturhistorisk verdi i bygget. Det var bl.a. min bestefar som satte opp og brukte hytta, den gongen vinteren gjekk med til å kjøre ved (med hest) fra Sjodalen og inn til Glitterheim. Vi ynskjer da å overta feste fra DNT Oslo og omegn og sette opp huset igjen som det opprinnelig var bygd. Med en bolig i ene enden og stall/rom i andre enden. DNT Oslo og omegn er da interessert i å sette opp ny garasje/lagerrom på ny tomt, nærmere vegen.*

Den aktuelle bua i Veolie vart sett på under fjellstyret si synfaring den 22. juni. Vole var forhindra i å stille, men i ei telefonsamtale med han etter synfaringa, så gjeld søknaden nå berre sjølve bua i Veolia som vertsskapet i Glitterheim eig. Han opplyste at DNT er positive til at dei overtek sjølve feste på bua. Søknad om garasje/lagerbygg m.m. vil eventuelt komme som ein eigen søknad frå DNT seinare.

*Vurdering:*

Det er forståeleg at det falleferdige bygget i Veolie har ein kulturhistorisk verdi for vertsskapet i Glitterheim. Men det må kunne gå an å synleggjera bruken og funksjonen bua har hatt på ein annan måte enn å bygge ei heilt ny bu. Mangel på vedlikehald og at den nå er såpass falleferdig viser at den ikkje har vore til nytte i drifta av Glitterheim på mange år. Den ligg eksponert til i ei lita setergrend litt over tregrensa med to setrer. Reint visuelt vil det vera uheldig om det skulle bli bygd opp ei ny hytte her.

**Innstilling til vedtak:**

I søknaden frå vertskapet på Glitterheim om å bygge ei ny Veolihytte, så meiner fjellstyret at Statskog ikkje må imøtekome dette. Fjellstyret forstår at bygget har ein kulturhistorisk verdi for drifta av Glitterheim opp i gjennom tidene, men meiner bygging av ei ny hytte er meir konfliktsfullt enn fordelene. Dette fordi den ligg eksponert til i ei lita setergrend. Mangel på vedlikehald viser at den ikkje har hatt nokon praktisk funksjon for drifta på mange år. Bua er falleferdig, og det må stillast krav om fjerning og opprydding på tomta.

Fjellstyret meiner at dagens behov for garasje, lagerplass, parkering m.m. for å dekkje behovet til Glitterheim for drifta i vinterhalvåret, best kan løysast ved å finne ei tomt i nærleiken av vegkrysset til Veolie ved fylkesvegen.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*

Statskog v/Hilde Hammer

*Kopi til:*

Glitterheim v/Knut Vole

Vågåmo, 02.07.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no